# Meland kommune

Arbeidstakarorganisasjonane v/HTV

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| Dykkar: | Kathrine Straumøy Brakstad | 19.02.2014 |
| Vår: 14/778 - 14/2137 | kathrine.s.brakstad@meland.kommune.no | |

## Referat frå kontaktmøte 11.02.14

Til stades:

| | |
|---|---|
| Utdanningsforbundet | Adolf Hovgaard |
| Fagforbundet | Kjersti Vikebø Nesse |
| Norsk sykepleierforbund | Lillian Torvund |

Frå arbeidsgjevar møtte: Personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen
Organisasjonsrådgjevar Guro Osnes
Personalkonsulent Kathrine S. Brakstad

**Sak 1: Helse, sosial og omsorgsplan 2014-2017**

Rådgjevar Helge Kvam orienterte om arbeidet som er i gang med den nye planen, sjå vedlegg.

**Sak 2: Orienteringssaker**

**a)** Dokumentsenteret er no etablert og i drift. Den siste ressursen startar i veke 8.
Dette er ein ny måte å arbeide på, og ein har opplevd nokon oppstartsproblem.

**b)** Nettsida. Det er framleis nokre problem med den nye nettsida. Innsynsmodulen skal snart vere i drift att, og «for tilsette» vert erstatta med intranett.

**c)** Ny arbeidsgjevarstrategi. KS har no utarbeida eit nytt dokument. Prosessen rundt Meland kommune sin strategi er i gang og skal opp til drøfting i leiarmøtet 17/2, og vidare drøftast med arbeidstakarorganisasjonane.

**d)** Lønspolitiskplan er under arbeid. Den skal til drøfting i leiarmøtet 17/2 og vidare i kontaktmøte med arbeidstakarorganisasjonane.

**e)** Verksemdsoverdraging reinhald. Frå 17/2 er 13 reinhaldarar overflytta til Vibe. Det er 5 reinhaldarar igjen i kommunen og 3 har gått av med AFP. Dette er ei ny erfaring for kommunen.
Fagforbundet ønskjer at det vert gjort ei evaluering av prosessen med dei partane som har


| Postadresse | Kontakt | | |
|---|---|---|---|
| postmottak@meland.kommune.no | www.meland.kommune.no | Konto 1503 18 83722 | Kartinfo: www.nordhordlandskart.no |
| Postboks 79, 5906 Frekhaug | Telefon +47 56 17 10 00 | Org.nr. 951 549 770 | |
| Besøksadr: Havnevegen 41 A | Telefaks +47 56 17 10 01 | | |
| 5918 Frekhaug | | | |

vore involverte.

**f)** Link til arbeidstakarorganisasjonane på nettsida. Det vart stilt spørsmål og dette var mogleg å få til. Dette må drøftast i informasjonsgruppa, arbeidsgjevar kjem tilbake med beskjed.

Med helsing

Kathrine Straumøy Brakstad
personalkonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Informasjon HSO plan 2014-2017

**Kopi til:**
Kari Anne Iversen
Guro Osnes
Ingvild Hjelmtveit

**Mottakere:**
Arbeidstakarorganisasjonane v/HTV